



Møtereferat SU/SMU 14.02.2024
Undheim Skule

Til stede:

Rektor: Anne Gunn Feed Jakobsen
Leiar FAU: Grete Gerritsen
Nestleiar FAU/referent: Øyvind Søyland
Politikar: Nils Martin Sikveland (SP)

Ikkje til stede:

Elevrådet: Sondre Skårland (7. klasse)
Synne Haugen (7. klasse)
Representant tilsette: Anne Haaland
Monica Dalen-Haugland

Sak 1 – Skulebruksplan 2024 – 2032

Diskusjon og tilbakemelding

1. Kapasitet og analyse av grunnskulen

Innledningsvis. Gjennomgang av film presentasjon av Agenda Kaupang sin rapport om status for skulane i Time kommune frå oktober 2022.

Lenke til Agenda Kaupang sin presentasjon

[Foredrag innspilling Time-20230130_140901-Opptak av møte.mp4 \(sharepoint.com\)](#)

Framskrivninga i prognosane syner at elevtalet går ned i Time. Ny lovfesta rett i opplæringslova som frå august 2024 gjev til Retten til å gå i eiga bokmålsgruppe på ungdomstrinnet dersom det er 10 eller fleire elevar, og nedgang i elevtal forsterkar problemstillinga som Agenda Kaupang løfter fram.

SU er bedne om å kome med tankar og innspel frå til administrasjonen sitt vidare arbeid med skulebruksplan.

Innspel frå SU - Undheim Skule

For skulesituasjonen i Time, er det absolutt viktigaste tilførsel av meir pengar, slik at bemanninga inn i klasseromma kan aukast. Slik situasjonen er i dag er eventuell endring av skulestruktur eit feilspor som i beste fall vil ha ein kortsiktig og truleg bagatellmessig effekt på ressursituasjonen. At ressursmangel er det grunnleggande problemet kan ikkje understrekast tydeleg nok.

Eit hovudfunn i rapporten frå Agenda Kaupang er låg bemanning i Time-skulen. Så låg bemanning gjer oss sårbare, og lite motstandsdyktige når uforutsette ting oppstår. Vidare slit så låg bemanning på elevar, føresette, lærarar og skuleleing. Dette kan kome til uttrykk ved auka behov for spesialundervisning, fleire sjukemeldingar hjå tilsette og at tilsette sluttar, samt at færre lærarar søker seg til kommunen.

Det sær viktig for lokalsamfunnet at nærskulen består og blir prioritert. Time har valt denne skulestrukturen og dermed må nærskulane prioriterast økonomisk.

2. Rettleiande skulekrinsar og fritt skuleval

Ny opplæringslov vart vedteken 09.06.23 og skal tre i kraft 01.08.24:

[Ny opplæringslov §2-6](#). Kva grunnskole eleven skal gå på

Elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet. Kommunen kan gi forskrift om skulekrinsar. Ved tildeling av skoleplass og fastsetjing av forskrift om skulekrinsar skal kommunen leggje særleg vekt på kva skole som ligg nærast heimen. Kommunen kan også ta omsyn til topografi, trafikktilhøve og kapasiteten på skolane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skole.

Etter søknad kan eleven takast inn på ein annan skole enn den eleven har rett til å gå på.

Innspele frå SU – Undheim skule:

Andre omsyn enn geografi og avstand må gjelde i så liten grad som mogleg, og berre dersom fleirtalet av dei det gjeld, støttar det.

3. Bokmål og nynorsk- klassar på ungdomsskulen

I ny opplæringslov, som har verknad frå 01.08.24, har elevane rett til å gå i eiga klasse basert på valt målform, og på ungdomsskulen.

SU har fått følgande spørsmål:

«Kva tankar og innspel har SU til dei konsekvensane lovendinga fører til?»

Kommentar frå SU Undheim skule:

Spørsmål stilt til SU om kva konsekvensar lovendinga fører til, framstår uklar då loven allereie er vedteken. Melding sendt statsforvaltaren med ønske om presisering.

Generelt er nok ikkje Undheim skule den skulen med dei største problemstillingane knyta til dette pr. dags dato.

Sak 2 – Mobilregler i lys av nye nasjonale retningslinjer

Anbefalinga fra SU Undheim skule er i utgangspunktet å stille seg bak dei retningslinjene som kjem frå sentralt hold.

Saka vil også verta teken opp i neste FAU-møte.

Sak 3 – Fysisk skulemiljø

Tilstandsanalyse gjennomført

Tilstandsrunde vart gjennomført 12. februar 2024 med følgande merknader:

- Stort varmetap gjennom vindu og dører, samt taket i gymsalen.
- Esva-plater defekte i gymsalen og gir ingen varme.
- Gamle lysrøyr er lyskilde på skulen og må byttast.

Ellers er bygget i god stand.

Temperaturen er og betre nå, men når det er ekstra kaldt så slit ein med å halde varmen oppe. Samsvarer med varmetap gjennom vindu og dører.

Skulen har fått innvilga kr. 200 000,- til mindre ombygging/oppgradering. Desse er planlagt brukt til garderober til mellomtrinnet, samt inngangen til 3. og 4. klasse.

Spelt inn at ENØK-sporet kan vere ein smart veg å gå med tanke på framtidige oppgraderingar.

Sak 4 – Brukarundersøking

Gjennomgang av resultat

Ikkje tid. Utsett til neste møte.

Sak 5 – Økonomi/Rammevilkår – skuleåret 24/25

Ikkje tid. Utsett til neste møte.

Sak 6 – Eventuelt

Møtet slutt kl. 20.45

Referent

Øyvind Søyland